

Nils Johan Foss  
Seimsstranda 460  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/3370 - 21/48436

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
05.07.2021

## **Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 176/22 Spurkeland**

Tiltak: garasje  
Byggjestad: Gbnr: 176/22  
Tiltakshavar: Nils Johan Foss  
Ansvarleg søkjar: Nils Johan Foss

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 13.04.2021 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev mottatt 30.06.21.

Meldinga har framleis manglar og vert ikkje registrert før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon:

1. Det skal sendast søknad om vegtilkomst med ansvarsrettar av ansvarleg føretak med gjennomføringsplan.
2. Vi ber om samtykkje frå nåverande eigare av gbnr 176/5 for etablering av tilkomstveg på Deira grunn. Vedlagt skjøte tolkar vi slik at tilkomst til bustad på gbnr 176/22 er etablert i samsvar med skjøte men ny forhold for etablering av ny vegtilkomst til ny garasje på same eigedommen gbnr 176/22 er ikkje omtalt i dette dokumentet.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 05.08.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Nils Johan Foss  
Nils Johan Foss

Seimsstranda 460  
Seimsstranda 460

5912 SEIM  
5912 SEIM